

Organisasjonsplan


IL Bjørnar



Først vedtatt 17.mars 2014

1. Organisasjonskart

IL Bjørnar er ein del av Allianseidrettslaget Arna-Bjørnar. Delar av Arna-Bjørnar Fotball sine aktive utøvarar er medlemmer i IL Bjørnar, Arna-Bjørnar Fotball er derfor ein innordna interessent til idrettslaget.



2. Styret IL Bjørnar

Styret i IL Bjørnar består av følgjande verv

Verv	Valt av	Normal valperiode
Leiar	Årsmøte IL Bjørnar	1 år

Nestleiar / Kasserar	Årsmøte IL Bjørnar	2 år
Styremedlem: Leiar Bjørnarhallen	Årsmøte IL Bjørnar	1 år
Styremedlem: Leiar Bjørnar Handball	Årsmøte IL Bjørnar	1 år
Styremedlem: Leiar barnegruppa Bjørnar H.	Årsmøte IL Bjørnar	2 år
Styremedlem: Leiar Arna-Bjørnar Fotball	Årsmøte AIL Arna-Bjørnar	1 år
Styremedlem: Leiar BoU-styret ABF	Årsmøte AIL Arna-Bjørnar	1 år
Vara: Leiar ungdomsgruppa Bjørnar H.	Årsmøte IL Bjørnar	2 år

Styret har oppgåver i tråd med vedtektene til IL Bjørnar.

3. Bjørnar Handball

Styret i handballgruppa består av følgjande verv. Styret vert valt på IL Bjørnar sitt årsmøte under punkt 10 c) i idrettslagets lov.

Verv	Normal valperiode
Leiar	1 år
Nestleiar	2 år
Leiar Barn (6-11 år)	2 år
Leiar Ungdom (12-16 år)	2 år
Leiar Kvinner	2 år
Leiar Menn	2 år
Styremedlem	2 år
Styremedlem	2 år
Varamedlem	2 år

Styret i handballgruppa har ansvar for leiing og drift av all handballaktivitet i idrettslaget, og skal sørge for at IL Bjørnar legg til rette for så mykje og så god handballaktivitet som mulig. Styret har ansvar for å opprette og drifte undergrupper med ansvar for dei ulike aktivitetsgruppene (barn, ungdom, kvinner, menn). Styret kan etter eige ønske opprette andre utval og prosjektgrupper.

Styret i handballgruppa skal for øvrig mellom anna

1. Sette i verk årsmøtevedtak eller hovudstyrevedtak som angår handballaktiviteten
2. Administrere og halde kontroll på økonomien i tråd med dei tildelte budsjett og rammer som er sett av årsmøtet og/eller hovudstyret
3. Etter behov fordele oppgåver og roller mellom styremedlemma og andre

- tillitspersonar i klubben
4. Arbeide for å rekruttere og behalde handballspelarar
 5. Kommunisere med leiarar og føresette rundt dei enkelte handballaga
 6. Rekruttere/engasjere, kommunisere med og drive utdanning for handballtrenarar rundt laga
 7. Inngå tilsettings- og honoraravtaler, dugnadsavtaler, sponsoravtaler og eventuelle andre nødvendige avtaler for den økonomiske styringa til gruppa etter dei retningslinjene årsmøtet og/eller hovudstyret har bestemt.
 8. Fastsette eventuelle aktivitetsavgifter/treningsavgifter i tillegg til medlemskontingent. Avgiftene skal godkjennast av hovudstyret.
 9. Informere hovudstyret om alle saker som kan vere av betydning for idrettslaget sin økonomi, organisasjon og renommé.

Leiar for handballgruppa har personalansvar for dei tilsatte som jobbar med oppgåver knytt til handballaktivitetane i klubben. Dette inneber at leiar for handballgruppa kan signere tilsettings-/honoraravtalere og sponsoravtaler. Leiar kan foreta nødvendige endringar for personell tilknytt handballaktivitetane i klubben. Leiar for handballgruppa kan også representere laget utad i saker som er tilknytt handballaktivitetane i idrettslaget, som til dømes NHF Region Vest sine ting og samlingar, samt i media.

For handballgruppa sine økonomiske plikter hefter hele IL Bjørnar, og handballgruppa kan derfor ikkje gjere økonomiske disposisjonar eller inngå avtaler som det ikkje er dekning for i handballgruppa sine tilgjengelige midlar utan godkjenning frå hovudstyret.

Daglig leiar

Daglig leiar skal leie den daglige, administrative drifta av handballgruppa og skal følgje de retningslinjene og pålegga som styret har gitt. Saker og spørsmål som er utanfor dei rammene som styret har sett, må avklarast med styret før det vert gjort nærmare val.

Dersom det ikkje er tilsett daglig leiar fell alle punkta som omhandlar daglig leiar bort. Alt ansvar og myndigheit som høyrer inn under daglig leiar vert då overført til styrets leiar.

4. Bjørnarhallen

IL Bjørnar har til ein kvar tid eit styre som har ansvar for drift og vedlikehald av Bjørnarhallen. Hallstyret vert valt på IL Bjørnar sitt årsmøte under punkt 10 c) i idrettslagets lov.

Verv	Normal valperiode
Leiar	1 år

Styremedlem	2 år
Styremedlem	2 år
Styremedlem	2 år
Styremedlem	2 år
Styremedlem	2 år
Varamedlem	2 år

Bjørnarhallen er eigd av Bergen kommune, og IL Bjørnar har driftsavtale med kommunen. Denne avtala regulerer kva IL Bjørnar har av ansvar og kva som er kommunen sitt ansvar.

Hallstyret har mellom anna ansvar for

1. Oppfylle IL Bjørnar sin del av driftsavtala med Bergen kommune
2. Sette i verk årsmøtevedtak eller hovudstyrevedtak som gjeld Bjørnarhallen
3. Styre økonomien til Bjørnarhallen i tråd med tildelt budsjett og ramme
4. Tilsette vaktmeister, reinhaldar(ar) og kveldsvakter til drift av hallen
5. Utvikle og følgje opp vedlikehalds-/tiltaksplan for Bjørnarhallen
6. Organisere og gjennomføre dugnadar etter behov

Leiar for hallstyret i IL Bjørnar har personalansvar for dei tilsette som jobbar med oppgåver knytt til drift av hallen. Leiar kan foreta tidsavgrensa tilsettingar knytt til drift av hallen. Leiar for hallstyret kan også representere laget utad i saker som er tilknytt drift av hallen, til dømes overfor Bergen kommune. For aktivitet knytt til drift av hall vil økonomiske plikter hefte heile IL Bjørnar. Dersom det vert vurdert investeringar ut over det som vil bli dekkja av avtale med Bergen Kommune, og ut over det hallstyret har dekning for i eige budsjett, må dette godkjennast av hovudstyret.